**22 05 95 00** **Tips til nyhetsredaksjonen:** nyhetsleder@klassekampen.no. **Åpningstider:** 08.30-16.00 (man-fre).
**Besøksadresse:** Grønlandsleiret 31, Oslo. **Postadresse:** Boks 9257 Grønland, 0134 Oslo. **Abonnement:** 22 05 95 72





**Skøien** På Galleri Semmingsen i Niels Juels gate 50 kan du se fotoutstillingen til Kjetil Skøien fram til 13. oktober.

# American nightmare

**Han kallar det** «möjligheternas land», svensken som har etablert seg som optikar og brilledesignar i bydelen Castro i San Fransisco. I eit butikkvindauge heng eit tosiders oppslag frå eit svensk vekeblad. «Det er inte nöjligt att göra sucsess i Sverige sånn som här,» seier Björn i intervjuet, «avensjukan är for stor der hemma, här blir vi bara oppmuntrad om vi tenker lite stort mens hemma blir vi trampat ner i skiten.»

Jau da, me kjenner då att desse historiene frå før, frå alle dei utflytta nordmenn som fortalde om kor svært alt var i Amerika og om korleis den heimlege mentaliteten held slike kreative og dyktige sjeler som dei sjølve nede. Det var vanleg for førti–femti år sidan, då me trudde på den amerikanske draumen, før nokon av oss hadde sett prislappen som heng på den råe dyrkinga av individuell opportunisme. Det var då me enno hadde eit kollektivt minne om Marshallhjelpa og me ungane vert yre berre av å lese tittelen på Elvis sin «King Creole». Det faktum at det var ein åttesporskassett og at verken bror min som eigde kassetten eller nokon andre me kjende hadde utstyr til å spele den gjorde ingenting, for på coveret var biletet av den unge amerikanske draumen *in persona*, det var meir enn nok til å forstå at i Amerika var alt mogleg.



I DAG

Derfor er det snodig å treffe Björn, denne unge sympatiske svenske brilledesignaren, som på alle måtar synest å vere ein oppegåande mann der han med stor iver og innleving fortel om brilledesign og kva som har skjedd på den fronten dei siste åra og om kva som vil skje framover. Heile tida med referanse til det som skjer i Amerika og med ei djup forståing om at framtida enno vil verte skapt i Amerika.

Det er berre det at me skriv 2007 no, og eg trudde at dei fleste, i alle fall dei fleste skandinavar, har kunne vitne at den amerikanske draumen forsvann med åttesporskassetten. Me har sett at det å knuse fagrørsla har gjort ærlege arbeidsfolk om til lusne tiggarar som i mangel av tariffavtale må stå og spørje kafégjestane om tips for å overleve. Me har sett korleis den evige angsten for å betale skatt og den grunnleggande mistrua til staten har gjort ressurssvake menneskjer om til dyr som må konkurrere med skunk og rev i kampen om etterlatskapen frå restaurantane etter stengetid. Dette samstundes som middelklasseborna held på å drukne i eige fett som ein konsekvens av at myndigheitene ikkje greier å kontrollere uhemma karbohydratinntak i kjernefamiliens kosthald. Men kven skal ta ansvaret? Staten sjølv har lete seg avvæpne av dereguleringskåte republikanarar gjennom ei årrekkje, og evnar ikkje eingong å tilby minimumshjelp til mentalt sjuke menneskjer. Dei er overletne til gatene downtown og lyt halde varmen i pappkassehus over ventilasjonsrista for byens notorisk upresise undergrunnssystem.

Likevel lever altså myta om muligheitenes land framleis i hugen åt ein svensk brilledesignar og optikar, og tilsynelatende dei aller fleste amerikanarar óg. Det faktum at Björn og kjærasten John laut til det «avensjuka tomtelandet» Sverige for lovleg å kunne gifte seg, vart berre nemnt i ei bisetning. So mykje for det frie Amerika.

**Bjørn Egil Flø,**
forsker ved Bygdeforskning
Bjorn.Flo@rural.no

**KLASSEKAMPEN**
– utfordrer det etablerte

**AKKURAT NÅ**

## Krykker

Det har skjedd noe på gressplenen utenfor blokka der jeg bor. Natt til i dag kunne en gutt, jente, mann eller kvinne, slenge fra seg krykkene han eller hun var lenket til over kortere lengre tid, og gå. Eller bli liggende. I tillegg kunne hun eller han legge en gåstav bak seg for godt.

Hvordan? Den gamle damen møtte en engel, selvfølgelig. I form av en lekprest fra pinsebevegelsen. Han la varme hender på de ødelagte hoftene, og sa: Gå! Og så gikk hun. Fri fra sin egen kropps fengsling.

Nei, det foregikk ikke sånn. Den bevegelseshemmede hadde vært på nachspiel og var fullstendig snydens. Spriten dempet knesmertene, og mens han tente sin nittende sigarett den kvelden, bestemte han seg, mer eller mindre bevisst, for å droppe de åndssvake hjelpemidlene som hadde blitt presset på ham, bare på grunn av en mindre idrettsskade. Ved morgengry våknet han idet drosjesjåføren lempet ham ut av bilen med høyre hånd. I den venstre neve lå en lapp med adressen.

Men så var det heller ikke slik det foregikk. Nei, dessverre. Faktisk var den hyggelig nabodama, hun som blir banket cirka en gang i uka. Hun hadde uhellet med seg igjen. På tross av skrik og leven, var det ingen som våknet da hun nattens mørke ble slått til bakken, og etterhvert hentet av ambulanse. Krykkene var det visst ingen som tok med seg, det var jo så mye virrvarr.

Nå har krykkene ligget der i fire dager, et par meter fra hverandre. Fem meter unna en gåstav. Hvorfor er det ingen som henter dem? Bør jeg ringe på hos naboen? Slå nummeret til politiet?

Fem dager: De er borte. Tro hvem som hentet dem? Politiet? Vaktmesteren? Den gamle damen, gutten eller nabodama?

Det har skjedd noe, det er sikkert. Heldigvis har det ikke noe med meg å gjøre.

*nane*




**I Japan** har forskere gjort et gjennombrudd i å avle fram gjennomsiktige frosker. Det er de første av sitt slag i verden, melder Ananova.com. De gjennomsiktige froskene kan brukes til forskning, da man kan se organene og blodstrømmen uten å dissikere. Forskerne fikk det til ved genetisk manipulasjon.